



# **GJESDAL KOMMUNES NÆRINGSFOND**

## **RETNINGSLINJER FOR BRUK OG FORVALTNING**

*Vedteke i kommunestyret 30.08.1999, sak 75 / 99.*

## § 1 Føremål

1. Kraftfondet skal primært nyttast til prosjekt og etableringar i tråd med Gjesdal kommune sin strategiske næringsplan
2. Strategiske etableringar skal ha prioritet, dvs. etableringar som er av stor betydning for næringslivet, sysselsetting og busetting i Gjesdal
3. Fondet kan nyttast til å støtte kommunalt næringsarbeid og kommunale grunnlagsinvesteringar for næringsutvikling
4. Kraftfondet kan nyttast til:
  - a. å støtte etablering av nye foretak som har utspring i lokalt næringsliv
  - b. vidareutvikling av eksisterande bedrifter
  - c. å støtte eksisterande bedrifter som vil lokalisere seg i Gjesdal
5. Prosjekter som vil bidra til å betra sysselsettingstilhøva for kvinner og ungdom bør prioriterast
6. Kraftfondet kan ikkje nyttast til sanering av gjeld eller til løpande drift av bedrifter og kommunar
7. Kraftfondet kan ikkje nyttast til aksjeteikning i bedrifter, men kraftfondet kan nyttast til å teikne aksjar i næringssselskap, utleigebygg o.l. som kommunen eig saman med private interessenter
8. Kraftfondet skal ikkje nyttast til å støtte konkurranseutsatte næringar
9. Det skal ikkje gjevast stønad til etablering av nye foretak som vil konkurrera med eksisterande foretak innan same næring i Gjesdal kommune
10. Styret i Gjesdal kommune sitt næringsfond har høve til å gjera andre prioriteringar ut frå prosjektet og etableringa sin karakter og betydning for Gjesdal kommune

## § 2 Stønadsformer og kva det kan søkast stønad til

Fondet gjev bare tilskott, og det kan søkjast om tilskott til:

- produktutvikling
- kompetanseoppbygging (reiseutgifter, kursutgifter, bøker o.l.)
- marknadsundersøkingar og marknadsføring
- konsulentoppdrag
- investeringar i nybygg, ombygging, utviding og modernisering av bygg og anlegg
- investeringar i varige maskinar og utstyr

## § 3 Stønadsvilkår

Samla stønad til private næringstiltak skal som hovudregel ikkje overstiga 30% av det totale kapitalbehovet ved prosjektet, oppad begrensa til kr. 100.000.

Maksimal stønad, tilskott og lån, til eit og same foremål i ei og same bedrift innafor ein treårsperiode er 100.000 ECU (som vert omrekna til referansekurs fastsett av ESA kvart år)

## § 4 Vedlegg til søknaden

Vedlagt søknaden skal det være:

1. Nærare utgreiing om prosjektet/forretningsplan
2. Oversikt over totalt kapitalbehov for prosjektet det vert søkt om stønad til
3. Finansieringsplan
4. Driftsbudsjett 1. og 2. driftsår
5. Personleg søkjar: sjølvmelding dei to siste rekneskapsåra før etablert verksemd
6. Etablert bedrift: rekneskap - hovudbok og status (for generell næringsverksemd - ved etablert verksemd), næringsoppgåve med tillegsskjema (for jordbruk) dei to siste rekneskapsåra
7. Aktuell presseomtale, andre fråsegner, attestar m.m.

## § 5 Utbetaling av stønad

1. Utbetaling av stønad frå fondet kan skje når skriftleg dokumentasjon på at prosjektet er fullfinansiert foreligg

- 
2. Eit vedtak om stønad i frå kraftfondet vert oppretthaldt 1,5 år etter vedtaksdato. Prosjekt som har fått innvilga stønad av kraftfondet og som startar opp etter denne frist, må søkje kraftfondet på ny
  3. Prosjekt som vert innvilga stønad frå kraftfondet forutsettes å sende inn rekneskap til kraftfondet for dei to neste fulle driftsåra etter oppstart av prosjektet.

#### § 6 Tilbakekreving av stønad

Kraftfondet kan kreve økonomisk stønad tilbakebetalt når:

1. Søkjar ikkje har gjeve korrekte opplysningar i søknaden
2. Prosjektet/bedrifta vert lagt ned kort tid etter oppstart, eller bedrifta/prosjektet flyttar til annan kommune kort tid etter oppstart

#### § 7 Klage

##### 1. Lovlighetsklage

Etter kommuneloven §59 kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyre saman bringe avgjeringar truffet av folkevalgte organ eller den kommunale administrasjon inn for departementet til kontroll av avgjeringa sin lovlighet. Departementet sin myndighet til å avgjere lovlighetsklager er delegert til fylkesmannen, jfr. departementet sit rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993. Fristen for å kreve lovlighetskontroll er ved forskrift av 13. januar 1993, jfr. rundskriv H-4/93, satt til 3 veker frå det tidspunkt avgjeringa vart truffet.

##### 2. Forvaltningsklage (partsklage)

Vedtak om avslag på søknad om stønad må sjåast på som enkeltvedtak etter forvaltningslova §2. Etter forvaltningslova §28, 2. ledd, kan enkeltvedtak truffet av forvaltningsorgan oppretta i medhald av kommuneloven, påklagast til kommunestyret eller ei særskilt klagenemd. Når det påklagede vedtak er truffet i kommunestyret, er departementet klageinstans. Den som er part i saka eller annan med rettslig klageinteresse er klageberettiga. Klagefristen er 3 veker frå søkjar mottok avslag på søknad.

*For meir opplysningar og innsending av søknad:*

*Gjesdal kommune, Rettedalen 1, 4330 ÅLGÅRD,*

*telefon 5161 1100, telefaks 5161 8956, e-post: [postmottak@gjesdal.kommune.no](mailto:postmottak@gjesdal.kommune.no)*

